

# Utleigar sine plikter ved utleige av bustad i Kvam herad



1. Bustaden skal til ei kvar tid vera i ei slik stand at det tilfredsstillar krav som lov og forskrifter set for bygningstypen med omsyn til varme, lys, utbetring av skader, reinhald, m.v. Ved overtaking skal dette vera gjennomgått i bustaden før innflytting.

I leigeperioden er dette leigetakars ansvar for at det heile tida er vedlikehalde og virkar.

2. Dersom det er fellesanlegg for ventilasjon, brannalarmanlegg, sprinklaranlegg etc. i bustaden vert dette drifta og vedlikeholdt av FDV Bygg – ved feil på desse varslast det på tlf. 56553400 Slike anlegg er det årleg kontroll på, og skal varslast før du får besøk.
3. Utvendige veggjar og tak, takrenner, vegar og uteområde er Kvam Herad sitt ansvar. Grasdekte areal, buskar og trær vert stelt minimum 1 gong i sommarhalvåret. Jamnleg slått av plen vert i mange tilfelle ikkje prioritert.
4. Drift og vedlikehald av luft-til-luft varmepumper, dersom slik er montert, er dette leigetakars ansvar.
5. Ved skader på bygget eller uteområdet varslast det om dette til FDV Bygg på tlf. 56553400. Skadar påført av leigetakar, er leigetakars ansvar – desse betalast av leigetakar, men FDV bygg skal godkjenna utbetningsmåte. Skal FDV bygg utbetra skade, vert kostnad med utbetring avtala i forkant og fakturert for etter avtala pris.



6.

Snørydding av vegar og tilkomstvegar i området er utleigars ansvar der det er fleirmannsbustadar, ved einebustadar gjeld dette for offentlege vegar i området.

Snømoking av inngangsparti og veg fram til brøyta veg, samt strøing og salting fram til strødd tilkomstveg er leigetakars ansvar.

Generelle meldingar om feil og manglar, sendast til Kvam Herad [postmottak@kvam.kommune.no](mailto:postmottak@kvam.kommune.no) eller tlf. 56 55 30 00 **Årleg kontroll av bustaden, kan vera aktuelt og vert varsla før synfaring.**

**Ved årleg kontroll, vert i hovudsak røykvarslarar/ batteribyte, sløkkjeutstyr, ventilasjon, el. anlegg etc. kontrollert.**

